

Ønskjer fleire lesarbilete.

03.04.2015



Påskeharen på besøk.

Vi har fått svært mange kjekke tilbakemeldingar på spalta vår lesarbilete som vi byrja med i januar i år. God respons frå lesarane er grunnen til at spalta er blitt så bra. Vel 60 biletar frå 17 innsendarar er lagt ut til no. For tida legg vi ut nyt biletar annankvar dag. Det håpar vi at vi kan halda fram med, men det er avhengig av at mange er flinke og senda inn biletar.

Bileta kan vera i alle mogelege kategoriar. Det er innsendarane som bestemmer innhaldet. Bileta bør ha format slik at langsida er vassrett. Dei kan og vera kvadratiske. Grunnen til det er at det egnar seg best i formatet på sida. Lesarbileta kan de senda til:

- Hans O. Østebø, epost: uskedal.utvikling@knett.no
- Anita Enæs, epost: anita.enes@knett.no
- Thor Inge Døssland, epost: thordossland@gmail.com

Vi håpar på god respons no sidan det vi har i lagerresserve er få bilder. Vi nemner for ordens skuld at det i periodar med god respons, kan gå litt tid før bileta vert vist.


Det koselelege biletar ovanfor passar godt i desse påsketider. Vi fekk det for få dagar sidan då dei fekk den verkelege påskeharen på besøk, og vi ser den der den kosar seg med solsikkefrø. Meister for dette stemningsfulle blinkskotet er den utflytta uskedelingen Inga Tveito.

Biletet nedanfor er av biletar som set mimringa i gong. Det er frå eit friidrettsstemne på Heio på 60-talet, og er innsendt av Harald Sætre. Når eg ser dette, tenkjer eg tilbake på då eg som ung gut var publikummar på Sunnhordlandsmeisterskapet. Det var haugavis med deltakarar, og Uskedalen hadde sterke namn som Lars Magne og Sigurd Haugland, stortalenta Åge M. Nerhus og Årstein Eik, og Hallvard Døssland for å nemna nokon. Er usikker på om Gunnar Eik deltok, men minnest vi var og såg på då han trente diskoskast og kulestøyt då han var heime frå Bergen i helgene. Når eg ser stavgrøpa, hugsar eg godt at Harald Raudstein imponerte. Til stor jubel frå publikum tok han dei to første høgdene med dongeribuksa på sidan veret var surt. Så tok han den av, meiner han svinga seg over 3,07m, og eg trur også det vart meistertittel på han.

Når eg tenkjer tilbake på baneforhold og ustyr elles, var det imponerande tider og resultat dei oppnådde den gongen.

Når det gjeld slike mimrebilete treng dei ikkje vera så gamle for å engasjere. Ting forandrar seg fort;-både landskap og særleg personar.

Vi håper mange sender oss biletet slik at vi kan presentere ei god og variert lesarbilete-spalte også framover.



Sunnhordlandsmeisterskap i friidrett på Heio. 1966

Tekst og nett: Thor Inge Døssland